



## **Bakgrunn for retningslinjer for oppsetting av solcellepanel i Stølsheimen landskapsverneområde – vurdering saksnummer 5/23 10.02.2023**

**Framover er det venta å verta meir populært med solcellepanel på stølar og hytter.  
Derfor ynskjer vi å være tidleg ute med retningslinjer for oppsetjing av solcellepanel i  
verneområdet.**

### **Regler i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord:**

Føremålet med vern av Stølsheimen er «å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske».

I Stølsheimen vert stølane rekna som kulturminne. Det er framleis stølsbygningar og stølsmiljø, t.d., Solrenningane og Vørvingen med eit autentisk preg, men nokon stølar har vorte ombygde med eit hyttepreg. Solcellepanel kan i enkelte stølsmiljø i større grad endre landskapets art og karakter. Det kan derfor vera grunnlag for å vurdera bygningane i Stølsheimen ulikt utifrå bygningstype.

Temaet er ikkje beskrive i forvalningsplanen for Stølsheimen landskapsvernombord. I verneforskrifta punkt IV heiter det at *alle inngrep eller verksemnd som vesentleg kan endre landskapets art eller karakter er forbode; så som oppføring av t.d., ...anlegg og faste innretningar...*

Reglane i verneforskrifta i er ikkje til hinder for:

- *punkt V nr. 6 Vanleg vedlikehald av eksisterande anlegg...vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materialar.*

Forvalningsstyresmakta eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan på nærmere vilkår gje løyye til:

- *Punkt VI nr. 3 restaurering og gjenoppføring av stølshus i stølsmiljø etter plan og teikningar utarbeidde i samråd med fylkeskonservatoren.*

Solceller er ikkje spesielt nemnt som unntak i punkt V eller punkt VI i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombord.

Solcellepanel vurderast til å vera eit teknisk inngrep og ein fast innretning, og er eit søknadspliktig tiltak. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om solcellepanel er i strid med verneverdiene i Stølsheimen

På enkelte stølshus er det allereie sett opp solcellepanel. Sjølv om dei er oppført i god tru, må eigaren av stølshuset søkja til forvalningsstyresmakta då dette er eit søknadspliktig tiltak, jf. pkt. IV. nr 1 i verneforskrifta.

### **Vurderingar av verknad av solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernombord:**

Fasadeendring vurderast ikkje som vedlikehald. Solcellepanelet kan påverka verneverdiene i Stølsheimen fordi inntrykket av stølsmiljøa vert endra, og installasjonen vert vurdert som fasadeendring. Det er viktig å ta omsyn til at området skal kunne nyttast til landbruk, og i dagens landbruk kan ein ha behov for enkelte tekniske hjelpemiddlar.



---

Søknad om solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde vart diskutert med Rådgjevande utval for Stølsheimen i eit dialogmøte. Dei meiner at solcellepanel påverkar landskapet i Stølsheimen, og må vurderast i kvart einskild høve.

Ved handsaming av søknad om løyve til oppføring av solcellepanel, skal verneområdestyret vurdera den samla belastninga i eit stølsmiljø jf. nml. § 10 (*økosystemtilnærming og samlet belastning*). Før det vert gjort fasadeendringar, bør ein ha vore i kontakt med kulturminnemyndigheita hjå Fylkeskommunen for å vurdera påverknaden på bygningen (jf. pkt. VI. nr 3).

Stølsheimen er eit landskapsvernområde, landskapsvernområde er den mildast verneforma. Når forvaltningsstypesmakta skal vurdera verknadane av solcellepanel, vil vi ta omsyn til dette innanfor rammene av føremålet med vernet.

Ofte får ikkje eit enkelt tiltak stor betydning, men mange tiltak av same art kan auke den samla belastninga. Solcellepanel på fleire autentiske stølsbygningar i Stølsheimen kan endra landskapets art og karakter, difor må ein vurdera belastninga i det enkelte stølsmiljøet. Det bør takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk. For eldre bygningar bør ikkje solcellepanel erstatte materiale eller bygningselement som bidreg til at opplevinga av bygnadens autentisitet vert endra. Verknaden av nye tiltak bør vurderast med omsyn til nær og fjernverknad

Oppføring av solcellepanel kan forårsaka gjenskin når sollys/månelys treffer panelet. Sidan det her er tale om enkeltståande solcellepanel vert ikkje problema med refleksjonar vurdert som store.

Verneområdestyre må vurdera korleis ein kan unngå eller avgrensa skader på naturmangfaldet § 12 (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*).

For å avgrensa påverknaden bør solcellepanela monterast slik at dei har minst mogleg påverknad på naturmangfaldet. Det kan verta sett vilkår som seier noko om plassering, storleik, utsjåande på solcellepanelet og kor lenge enkeltvedtaket gjelder. Solcellepanelet bør ikkje vera større enn strengt naudsynt for kva ein treng på et stølshus, og til enkelt friluftsliv Auka standard på stølshusa, og auka utstyrss bruk, vil kunne føra til auka transportbehov til stølane. Dette vil vera ei uheldig utvikling som bør vektleggjast i handsaming av søknader om installering av solcellepanel.

Den teknologiske utviklinga skjer raskt og det kan vera aktuelt å tidsgrensa kor lenge ein kan ha det aktuelle solcellepanelet. Det kan ha komme nye løysingar som er betre egna for stølshus enn det som var tilgjengeleg på daverande tidspunkt, jf. nml. § 12 om å vurdera den beste miljømessig metoden.

Verneområdestyret har handsama retningslinjene i saknr. 5/23 10.02.23.